

Delårsrapport 1. kvartal 2021



Ørskog
Sparebank
- *tid til deg*

Delårsrapport – 1. kvartal 2021

Resultat

Aktivitetsnivå


Kapital og likviditet



- 2,042 mill bedre resultat enn i fjor
- Vekst i provisjonsinntekter
- Framleis svak rentenetto



- Roleg 1. kvartal på bustadmarknaden
- 12 mnd. vekst i utlån 9,56 %
- 12 mnd. vekst i innskot 6 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 158%
- Rein kjernekapital 19,46 %
- Mislighold og tap på låge nivå

Delårsrapport 1. Kvartal 2021

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 3,008 mill. kr. pr. 31.03.21. Dette er 2,042 mill kr. betre enn pr. 31.03.2020. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 10 %. Rentenettoen er framleis låg grunna marknadsrentene og konkurransesituasjonen. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei kjernekapitaldekning på 19,46 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapspåket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2021 eit resultat før tap og skatt på 5,657 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 31.03.2020 på 5,463 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 31.03.2021 3,008 mill kr., samanlikna med kr.0,966 mill. kr. året før.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart kr 12,223 mill. noko som er lågare enn pr. utgangen av 1. kvartal 2020 (kr 13,452 mill). Dette utgjør 1,68 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 1,96 % i fjor. Rentenettoen har svekka seg dei siste 12 månadane grunna låge marknadsrenter og sterk priskonkurranse mellom bankane.

Norges Bank sette i fjor ned styringsrenta til 0 % og marknadsrentene har vore låge gjennom det siste året. Nær 80 % av banken sin balanse er finansiert av bankinnskot, og grunna konkurransesituasjonen har innskotsmarginen blitt svekka. Dette har dei siste 12 månadane gitt ein svekka rentenetto for banken. Med dagens låge rentenivå er det utfordrande å skape lønnsam vekst i bankinnskot, og banken finansierer difor dei aller fleste utlån gjennom Eika Boligkreditt.

Provisjonsinntektene er 4,638 mill kr. mot 4,205 mill kr. pr. 31.03.2020. Banken har vekst i alle produktområder og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt aukar grunna utlånsvekst. Banken har fokus på å avlaste balansen og bruker difor Eika Kredittbank sine digitale kjøpsløysingar når kundar søker om billån og usikra smålån. Portefølja med billån

viser ein solid vekst, og det auka salet gir gode inntekter for banken.

Driftskostnader

Driftskostnadene minkar med kr. 0,842 mill. og utgjør kr. 10,812 mill. mot kr. 11,654 mill. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,49 % mot 1,67 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 66,13 % pr. 31.03.2021 mot 66,7 % pr. 31.03.2020.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2020 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt gjennomført i 2022/2023, men banken kostnadsfører løpande førebuarde aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten, og styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 1. kvartal 2021 utgjør 1,638 mill kr. mot 4,341 mill. kr. same tidspunkt i fjor. Dette utgjør 0,06 % av brutto utlån. Banken gjer løpande vurderingar av dei einskilde låneengasjementa i banken, og det er netto effekten av både inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader og nye tapsavsetnader som kjem fram i beløpet.

Som følge av situasjonen med Covid-19 og den auka usikkerheita blei det i 3. kvartal 2020 tatt ei ekstra nedskriving på 1,850 mill. kroner utover berekna avsetning i høve banken sine modellar. Dette er gjort med utgangspunkt i ein metodikk der ein tek utgangspunkt i risiko per bransje og sektor. Basert på nye porteføljedata har denne avsetninga minka til 1,6 mill pr. 31.03.2021.

Utrullinga av vaksiner er no godt i gang i Noreg, men situasjonen er framleis vurdert som skjør. Lokale smitteutbrot rundt om i landet syner at ein ikkje skal undervurdere risikoen for at

styresmaktene vil halde fram med inngripande tiltak som vil påverke økonomien negativt. Banken har låg eksponering i sektorar som reiseliv, restaurant og eventbransjen, som er hardest råka av Covid-19 utbrotet.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølje grundig, og ein forventer at framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 3.038 mill. kr. mot 2.808 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 1. kvartal på kr. 2.544 mill. kr., ein auke på 114 mill. kr. (+4,7 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjer 1.982 mill. kr. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjer 568 mill. kr. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjer 22 % av banken sine utlån i eigen balanse.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 1. kvartal på 696 mill. kr., ein auke på kr. 187 mill. kr. frå same tidspunkt i fjor. Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjer til saman 3.240 mill. kr. noko som er ein auke på 301 mill. kr. siste 12 månader. Dette tilsvarer ein vekst på 10,2 %.

I kvartalet har Ålesund kommune hatt kraftige smittevernstiltak som preger aktiviteten i banken, og det er noko rolegare på bustadmarknaden og for det generelle konsumet bland kundane. Banken ventar auka aktivitet på bustadmarknaden utover våren, noko ein ventar vil gi auka utlånsvekst.

Mislegghald og tapsutsett portefølje

Dei mislegghaldne engasjementa utgjorde 8,072 mill. kr. tilsvarande 0,32 % av brutto utlån. Engasjementa er i all hovudsaka sikra med pant i fast eigedom. Tilsvarande tal pr. 31.03.2020 var kr. 15,816 mill. tilsvarande 0,64 % av brutto utlån. Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet.

Tapsutsette, ikkje mislegghaldne engasjement utgjer 24,428 mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 81,673 mill. kr. pr. 31.03.2020. Endringa skuldast restrukturering av eit einskild låneengasjement.

Banken har i kvartalet jobba målretta med å minke lån i restanse og overtrekk. Pr. 31.03.2021 ser ein god effekt av arbeidet, og styret er nøgd med porteføljekvaliteten.

Likviditet og innskot

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreiding i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med kr. 113 mill. siste 12 mnd., og utgjer no kr. 2.108 mill. Dette er ein auke på 6 %. Innskotsdekninga er på 82,70 % pr. 31.03.2021 mot 81,35 % pr. 31.03.2020.

Det låge rentenivået, saman med at banken vil halde oppe eit rykte som ein bank med gode innskotsvilkår i marknaden gjer at innskotsmarginen har svekka seg målt mot førre kvartal.

Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskriving av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 57,647 mill. kr. pr. 31.03.2021. Banken si obligasjonsportefølje utgjer kr. 265,788 mill. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på 0,463 mill. kr. pr. 31.03.2021. Dette er ein reduksjon på 0,232 mill. kr. samanlikna med i 31.03.2020. Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir ein vinst over utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane.

Ørskog Sparebank har i kvartalet solgt 30.000 aksjar i Sjøholt Næringsbygg AS og eig no 73,91 % av selskapet.

Soliditet

Eigenkapitalen er på 339,496 mill. kr. pr. 31.03.2021 som utgjer 11,17 % av forvaltningskapitalen. I kvartalet har banken skrive ut eit grønt obligasjonslån saman med

Kredittforeininga for Sparebankar (KfS), og gjort førebuingar til innfriinga av eit F-lån i Norges bank. Banken har også skrive ut eit nytt obligasjonslån, og kjøpt tilbake deler av lånet som har forfall i april 2021. Likviditetsbeholdninga ved kvartalsskiftet er difor unormalt høg og vil bli normalisert når dei to låna er innfridd i løpet av april.

Pr. 31.03. har banken ei kapitaldekning på 21,94 % (22,49 %), og rein kjernekapitaldekning på 19,46 % (19,82 %).

Konsoliderte tall per 31.03.2021, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 20,83 % (20,76 %), og ei rein kjernekapitaldekning som utgjør 18,19 % (18,53 %). Rekneskapen er ikkje revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

Utrekningsgrunnlaget har i same periode auka som følge av at banken veks og har god aktivitet. Vidare er det nye definisjonar av misleghald som trådte i kraft 01.01.2021. Dette fører med seg ei auke i volumet banken definerer som misleghalden og gir auka kapitalvekting – som igjen svekker kapitaldekninga.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivningar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa. Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Etter Covid-19 utbrotet har kredittrisikoen auka, og det er framleis usikkert korleis dei langsiktige endringane i kundane sin åtferd vil slå ut for dei einskilde kundane. Banken har tett dialog særleg med kundane i bedriftsmarknaden, og følgjer situasjonen tett.

Banken har hatt god likviditet gjennom heile året, men ser at det låge rentenivået utfordrar ei lønnsam vekst i innskot. Banken har god likviditet

ved kvartalsskiftet og vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg.

Den operasjonelle risikoen auka i 1. kvartal som følge av Covid-19 utbrotet. Banken har fylgt Ålesund kommune si forskrift og har hatt alle tilsette på heimekontor sidan tidleg i mars månad. Banken sine dører har vore stengt gjennom heile kvartalet. Gjennom Eika alliansen har banken gode digitale løysingar med god driftsstabilitet i interne system og for dei digitale kundeløysingane. Banken har nyleg gjort undersøkingar av kundeopplevingar og kor tilfreds dei tilsette er med banken. Undersøkingane syner ei stabilt god utvikling for Ørskog Sparebank.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

I kjølvatnet av Covid-19 utbrotet og smittevernstiltaka, er det ei rekke økonomiske effektar for samfunnet som vil verke inn over tid. Banken er optimistisk med tanke på den makroøkonomiske utviklinga framover. Pr. 1. kvartal registrerer banken prisauke på elektrisitet, og ei varsla auke i materialkostnader vil gje prisauke på nye bustader.

Ei styringsrente i Norges Bank på 0 % og låge marknadsrenter gir press på netto renteinntekter. Det er stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring. Banken har ein god og sunn utlånsvekst, og styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er styrka gjennom den siste tida. Banken ventar at resultatet frå Eika Gruppen vil kunne bli tilfredsstillande, og at ein vil kunne få eit godt utbytte frå føretaka i alliansen også for 2021.

Banken ventar framleis normal aktivitet basert på etterspurnad etter lån frå nye kundar, og at veksten i provisjonsinntekter vil halde fram. Utlånsveksten i bedriftsmarknaden er meir avdempa etter Covid-19 utbrotet, medan banken har ein god vekst frå nye privatkundar som ønskjer seg ein tilgjengeleg lokalbank.


Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2021 vil bli noko betre enn i 2020. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2021 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.


Styret og banksjef har den 22.04.2021 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2021. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2021 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2021.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.


Ørskog, 22.04.2021




Torstein L. Stavseng
Styreleiar



Siw Pek
Tilsette sin repr.



Arne Jan Sollied
Nestleiar



Hans Fredrik Furstrand
Styremedlem



Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem



Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	Note	31.3.21	31.3.20	31.12.20
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		16.875	23.645	76.794
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		511	1.127	2.906
Rentekostnader og lignende kostnader		5.163	11.320	29.536
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		12.223	13.452	50.164
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.638	4.205	18.472
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		742	334	2.194
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		185	26	2.906
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 8	-65	-382	230
Andre driftsinntekter		229	150	591
Netto andre driftsinntekter		4.246	3.665	20.004
Lønn og andre personalkostnader		5.622	5.818	19.227
Andre driftskostnader		4.713	5.413	22.825
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		477	423	1.704
Sum driftskostnader		10.812	11.654	43.756
Resultat før tap		5.657	5.463	26.413
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	1.638	4.341	3.309
Resultat før skatt		4.019	1.122	23.104
Skattekostnad		1.011	156	4.677
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.008	966	18.427
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>				
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 8	463	695	1.990
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		463	695	1.990
Totalresultat		3.471	1.661	20.417

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler				
<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	31.3.21	31.3.20	31.12.20
Kontanter og kontantekvivalenter		4.187	7.640	4.310
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		145.179	100.398	134.144
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.543.665	2.429.279	2.538.079
Rentebærende verdipapirer	Note 8	265.788	201.824	221.328
Finansielle derivater		42	155	31
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 8	57.647	46.175	75.361
Varige driftsmidler		13.410	13.035	11.694
Andre eiendeler		8.147	7.433	9.860
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		0	3.000	0
Sum eiendeler		3.038.064	2.808.938	2.994.807
Balanse - Gjeld og egenkapital				
<i>Tall i tusen kroner</i>		31.3.21	31.3.20	31.12.20
Innlån fra kredittinstitusjoner		255.183	150.621	254.732
Innskudd fra kunder		2.108.231	1.995.200	2.090.536
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 9	273.576	301.380	250.523
Finansielle derivater		307	319	318
Annen gjeld		16.368	10.082	12.975
Pensjonsforpliktelser		2.938	2.591	2.938
Forpliktelser ved skatt		-310	368	6.496
Andre avsetninger		2.189	146	185
Ansvarlig lånekapital	Note 9	40.087	30.258	40.079
Sum gjeld		2.698.568	2.490.965	2.658.782
Opptjent egenkapital		336.488	317.006	336.025
Periodens resultat etter skatt		3.008	966	0
Sum egenkapital		339.496	317.972	336.025
Sum gjeld og egenkapital		3.038.064	2.808.938	2.994.807

EIGENKAPITALOPPSTILLING

<i>Tall i tusen kroner</i>	<u>Opptjent egenkapital</u>		
	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Resultat etter skatt	3.008		3.008
Verdiendring tilgjengelig for salg		463	463
Totalresultat 31.03.2021	3.008	463	3.471
Egenkapital 31.03.2021	329.550	9.946	339.496
Egenkapital 31.12.2019	310.820	0	310.820
Overgang til IFRS	-2.005	7.493	5.488
Egenkapital 01.01.2020	308.815	7.493	316.308
Resultat etter skatt	966	0	966
Totalresultat 31.03.2020	966	0	966
Andre egenkapitaltransaksjoner	0	698	698
Egenkapital 31.03.2020	309.781	8.191	317.972

NØKKELTAL

	1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2021	2020	2020
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	66,13 %	66,70 %	65,28 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	25,23 %	23,01 %	25,16 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,02 %	0,21 %	-0,06 %
Utlånsmargin hittil i år	2,23 %	2,23 %	2,32 %
Netto rentemargin hittil i år	1,68 %	1,96 %	1,72 %
Egenkapitalavkastning ¹	4,16 %	2,12 %	6,30 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,27 %	23,10 %	22,65 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	26,00 %	21,28 %	24,82 %
Innskuddsdekning	82,70 %	81,35 %	82,20 %
Innskuddsvekst (12mnd)	5,67 %	7,28 %	6,34 %
Utlånsvekst (12 mnd)	3,94 %	7,90 %	3,61 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	9,56 %	8,76 %	8,50 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	2.951.286	2.753.101	2.900.603
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.623.473	3.246.172	3.459.761
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,26 %	0,72 %	0,54 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,22 %	0,95 %	0,21 %
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2021	2020	2020
Soliditet¹			
Ren kjernekapitaldekning	18,19 %	18,53 %	18,21 %
Kjernekapitaldekning	18,39 %	18,74 %	18,41 %
Kapitaldekning	20,83 %	20,76 %	20,85 %
Uvektet kjernekapitalandel	8,92 %	8,87 %	9,04 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	158	178	174
NSFR	146	145	138

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjonar eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 31.mars 2021. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 1. kvartal 2021 ble godkjend av styret 22.04 2021.

NOTE 2 – Regnskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 31. mars 2021 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2020.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same reknskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Det henvisast til årsrapporten for 2020 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige reknskapsprinsipp.

Ny misleghaldsdefinisjon

Frå og med 1.1.2021 ble ny definisjon av misleghald innført, det følger av disse reglene at en kunde vil bli klassifisert som misligholdt dersom minst et av følgande kriteria er oppfylt:

- Kunden har et overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponeringar.
 - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
 - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine plikter overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av en annan kunde som er i mislighald i høve til de to første kriteria nemnt over.

IFRS 16

Standarden gjelder alle leigeavtalar og trådde i kraft 1. januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlåte å anvende IFRS 16 for regnskapsåret 2020 i høve til forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak. Difor implementerte banken IFRS 16 fra 1. januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 blir leigeforpliktelsen rekna til noverdien av framtidige leigebetalningar og bruksretteigedelen sett lik leigeforpliktelsen.

For leigeavtalar som blir sett i verk etter implementeringa 1. januar 2021 vil bruksretteigedelen målt til anskaffingskost. I etterfølgjande periodar vil leigeforpliktelsen blir auka for å gjenspeile renta mens utførte leigebetalningar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktelsen. Rentene blir innrekna i resultatregnskapet som rentekostnader. Bruksretteigedelen blir avskriven over leigeperioden. Det er leige av banken sitt kontor på Moa som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1. januar 2021.

Banken har vurdert å nytte følgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (Kortsiktige leigeavtalar under 12 månader). Leigebetalingane blir då innrekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tall ved overgang til IFRS 16.

Bruksretteigendelen er presentert saman med øvrige driftsmiddel/anleggsmiddel i balanseoppstillinga. Leigeforpliktelsen er presentert på linje for annan gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt innverknad på banken sin eigenkapital per 1. januar 2021. Bruksretten er tildelt en risikovekt på 100 prosent, og verkinga på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

NOTE 3 – Datterselskap / Tilknyttat selskap

Sjøholt Næringsbygg er et 100 % eid datterselskap og er et reint eideomsføretak. Det vart i 2020 gjennomført kapitalutviding, emisjon og konvertering av gjeld til aksjar i selskapet. Transaksjonane er gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. I første kvartal 2021 har banken solgt 30 000 aksjar og eig no 73,91% av aksjane i selskapet. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigdommen.

NOTE 4 – Transaksjonar med nærstående partar

Innskott og utlån, samt transaksjonar mellom nærstående har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

	1. kvartal 31.03.2021
Renteinntekter	555
<i>Balanseposter</i>	
Eiendeler:	
Utlån	42.754
Ubenyttet kreditt	0
Garantier	0
Gjeld:	
Innskudd fra kunder	3.092
Kortsiktig gjeld	0


NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager	1. kvartal 2021	1. kvartal 2020	Året 2020
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	4.007	8.322	7.891
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	4.065	7.494	4.449
Nedskrivninger i steg 3	-105	-4.171	-849
Netto misligholdte engasjementer	7.967	11.645	11.491
Andre kredittforringede			
	1. kvartal 2021	1. kvartal 2020	Året 2020
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	16.733	6.511	11.430
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	7.696	75.162	7.760
Nedskrivninger i steg 3	-1.405	-16.698	-350
Netto andre kredittforringede engasjement	23.023	64.975	18.840

NOTE 6 – Fordeling utlån kunder

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	1. kvartal 2021	1. kvartal 2020	Året 2020
Landbruk	26.835	22.968	27.974
Industri	21.994	23.970	22.190
Bygg, anlegg	81.081	82.003	75.698
Varehandel	70.437	71.938	79.532
Transport	9.979	10.756	9.857
Eiendomsdrift etc	311.888	296.877	307.271
Annen næring	45.373	58.044	52.959
Sum næring	567.586	566.555	575.481
Personkunder	1.981.632	1.886.131	1.967.826
Brutto utlån	2.549.218	2.452.686	2.543.307
Steg 1 nedskrivninger	-2.330	-881	-2.677
Steg 2 nedskrivninger	-1.717	-1.658	-1.352
Steg 3 nedskrivninger	-1.506	-20.869	-1.199
Netto utlån til kunder	2.543.665	2.429.279	2.538.079
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	696.356	509.757	649.377
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.240.021	2.939.036	3.187.456



NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttet kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttet kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventet kredittap i steg 1 til kredittap over forventet levetid i steg 2 og steg 3.

- Auke i nedskrivinger ved utsending av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivinger ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivinger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	312	326	650	1.288
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	1	-20	0	-19
Overføringer til steg 2	-2	423	0	420
Overføringer til steg 3	-2	0	39	38
Nedskrivinger på nye utlån utbetalt i året	20	1	335	355
Utlån som er fraregnet i perioden	-15	-5	-300	-320
Konstaterte tap				0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-180	-2	8	-175
Andre justeringer	5	-92	0	-88
Nedskrivinger personmarkedet pr. 31.03.2021	138	630	732	1.500

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	1.906.945	41.559	19.321	1.967.826
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	4.695	-4.695	0	0
Overføringer til steg 2	-11.045	17.147	-6.102	0
Overføringer til steg 3	-4.902	0	4.902	0
Nye utlån utbetalt	111.966	76	0	112.042
Utlån som er fraregnet i perioden	-93.906	53	-4.382	-98.235
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2021	1.913.752	54.141	13.739	1.981.632

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	2.365	1.026	549	3.940
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	51	-240	0	-189
Overføringer til steg 2	-19	544	0	524
Overføringer til steg 3	0	-144	111	-33
Nedskrivinger på nye utlån utbetalt i året	29	12	663	704
Utlån som er fraregnet i perioden	-31	-33	-549	-612
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-83	-79	0	-161
Andre justeringer	-121	0	0	-121
Nedskrivinger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2021	2.192	1.087	774	4.053

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	477.876	86.006	11.598	575.480
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	25.574	-25.574	0	0
Overføringer til steg 2	-22.668	26.312	-3.643	0
Overføringer til steg 3	-255	-2.501	2.756	0
Nye utlån utbetalt	15.495	1	0	15.496
Utlån som er fraregnet i perioden	-15.176	-5.286	-2.928	-23.390
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2021	480.846	78.958	7.783	567.586

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	57	122	0	179
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7	-21	0	-14
Overføringer til steg 2	0	152	0	152
Overføringer til steg 3	0	-2	4	2
Nedskrivinger på nye kreditter og garantier	9	24	0	33
Nedskrivinger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-21	-8	0	-29
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-14	-16	0	-30
Andre justeringer	9	0	0	9
Nedskrivinger pr. 31.03.2021	48	251	4	303

31.03.2021	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totalt
Ubenyttede kreditter og garantier				
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2021	138.338	37.222	611	174.181
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	6.292	-6.292	0	0
Overføringer til steg 2	-1	86	-166	-82
Overføringer til steg 3	0	-166	166	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	15.998	0	0	15.998
Engasjement som er fraregnet i perioden	-11.792	3.838	-229	-8.183
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2021	148.835	34.688	382	181.914

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	31.03.2021	31.03.2020
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	1.198	16.150
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	72	1.651
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	1.084	3.068
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-300	
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-548	
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	1.506	20.869

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Endring i perioden i steg 3 på utlån	312	4.719	-14.951
Endring i perioden i steg 3 på garantier			35
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	153	-378	1.484
Konstaterte tap i perioden der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	1.202		17.616
Konstaterte tap i perioden der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	45		0
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-66		0
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-7		-875
Tapskostnader i perioden	1.638	4.341	3.309

NOTE 8 –Verdipapir

31.03.2021				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		265.788		265.788
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet				-
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			57.647	57.647
Sum	-	265.788	57.647	323.435

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over
Inngående balanse 01.01	46.952	28.410
Realisert gevinst/tap		(144)
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		(24)
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	463	
Investering		185
Salg		(18.194)
Utgående balanse	47.415	10.232

Verkeleg verdimåling og -opplysninger klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingssmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsvardiar.

Nivå 3 er verdier som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verddivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen.

31.03.2020				Sum
Verdsetningshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		201.824		201.824
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet				-
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			46.175	46.175
Sum	-	201.824	46.175	247.998

	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over
Avstemming av nivå 3		
Inngående balanse 01.01	43.120	1.776
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		427
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	695	
Investering		158
Salg		
Utgående balanse	43.814	2.360

NOTE 9 –Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2021	Bokført verdi 31.03.2020	31.12.2020	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010777899	03.11.2016	03.11.2020	50.000		50.245		3m Nibor + 115 bp
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000	23.089	50.261	50.120	3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.035	50.078	50.033	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000	50.160	50.300	50.141	3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.130	50.299	50.143	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.101	50.197	50.087	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.062			3m Nibor + 70 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				273.576	301.380	250.523	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2021	Bokført verdi 31.03.2020	31.12.2020	Rente- vilkår
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.087	30.258	40.079	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.087	30.258	40.079	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2020	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2021
Obligasjonsgjeld	250.523	50.000	-27.000	53	273.576
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	250.523	50.000	-27.000	53	273.576
Ansvarlige lån	40.079	0	0	8	40.087
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	40.079	0	0	8	40.087

NOTE 10 –Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Sparebankens fond	326.542	308.808	326.542
Fond for urealiserte gevinster	9.483	8.198	9.483
Sum egenkapital	336.025	317.006	336.025
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-323	0	-297
Fradrag i ren kjernekapital	-21.348	-19.018	-23.886
Ren kjernekapital	314.354	297.988	311.842
Sum kjernekapital	314.354	297.988	311.842
Ansvarlig lånekapital	40.000	30.000	40.000
Sum tilleggskapital	40.000	30.000	40.000
Netto ansvarlig kapital	354.354	327.988	351.842
	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Eksponeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	8.223	4.020	4.220
Institusjoner	2.256	5.511	6.487
Foretak	70.162	104.162	79.366
Pantsikkerhet eiendom	1.130.584	1.043.953	1.156.396
Forfalte engasjementer	37.239	12.517	13.408
Høyrisiko engasjementer	77.466	75.322	64.064
Obligasjoner med fortrinnsrett	18.233	16.263	16.707
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	13.962	5.258	11.722
Andeler verdipapirfond	0	0	4.395
Egenkapitalposisjoner	42.127	31.847	42.139
Øvrige engasjementer	93.424	91.839	89.415
CVA-tillegg	15	0	45
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.493.693	1.390.693	1.488.365
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	121.695	112.499	121.695
Beregningsgrunnlag	1.615.388	1.503.191	1.610.060
Kapitaldekning i %	21,94 %	21,82 %	21,85 %
Kjemekapitaldekning	19,46 %	19,82 %	19,37 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,46 %	19,82 %	19,37 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,32 % i Eika Gruppen AS og på 0,58 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Ren kjernekapital	332.846	313.889	333.224
Kjernekapital	336.478	317.330	336.856
Ansvarlig kapital	381.053	351.650	381.432
Beregningsgrunnlag	1.829.563	1.693.570	1.829.428
Kapitaldekning i %	20,83 %	20,76 %	20,85 %
Kjernekapitaldekning	18,39 %	18,74 %	18,41 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,19 %	18,53 %	18,21 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,92 %	8,87 %	9,04 %

NOTE 11 –Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.